

Ein annleis julekonsert med ungdomskoret "Uhørt":

Feiande friskt på ID-huset



BRATTVÅG: Salen i ID-huset var fylt til siste sete då ungdomskoret Uhørt entra scena med ein utradisjonell julekonsert laurdagskvelden. Og publikum fekk ein servert ei strålende forestilling av dei dyktige songarane som kjem frå forskjellige bygdelag rundt om i Haram.

BB • EDMUND MELKILD

Etter ei mjuk opning med "Det lyser i stille grender" eksploderte "Uhørt"-koret i eit gnistrande og fargesprakande førjulsshow med sang og dans. Frå dei energiske ungdommane entra scena til siste strofe var sunge fanns det ikkje eit einaste dødspunkt. Med kjappe sceneskifte veksle repertoaret mellom pop, evergreens og funky rhythm&blues.

Dansarane hadde eit svært så stødig og energisk band i ryggen, bestående av Ivar Holsvik - tangentar, Øyvind Lervåg - gitar, Kjetil Hjelle - bass, Bjørn Skjelten - trommer og Robert Flem Alstad - saksofon.

Friskt og spennande

I adventstida er det vel knapt muleg å arrangere konsert med kor eller korps utan innslag av jul. Heller ikkje denne gongen. Tilhøyrarane fekk servert både tradisjonelle og nyare julesongar i friske og spennande arrangement. Dette, blanda med smakfull scenografi og koreografi, tok eit begeistra publikum med på ei underhaldande musikalsk reise. Spesielt syntes vi arrangementet med den amerikanske klassikaren "Peace on Earth/Drummerboy" som David Bowie og Bing Crosby har gjort udødelig, sat som eit skot. Elles var heile forestillinga tvers gjennom prega av både profesjonalitet og presisjon.

Venke Knutson

Som gjesteartist hadde Uhørt fått med seg Venke Knutson fra Sørlandet om med ein gong fann

Ane Myklebust Skjelten, Dyon Buitenkamp og Kristiane Uksnøy Gabor syng Neile Sedakas "Laughther in the rain" medan resten av koret korar og dansar i bakgrunnen.

Dei som elles er med i "Uhørt" er Andrea Lie Skaden, Andea Rogne, Benedicte Sønderland Hurlen, Elisabeth Ulla Uksnøy, Helene Bratteng, Ingrid Grytten Vegsund, Irmelin Slyngstad, Kristine Fjortoft Roald, Lise Dybvik, Mariel Mil, Naida Spango, Sara Kinden Solem, Sofie Skjelten og Synnøve Remme Reitan.

tonen med dei 17 andre utøvarane som er i alderen 13-20 år. Einaste gut i koret, Dyon Buitenkamp, var til og med så heldig å få syngje duett med den kjente popartisten som ID-husets Geir Atle Ellingsen hadde sørga for å få til Brattvågen.

Entusiastiske

Leiar og motibvator for Uhørt, Turid Skjelten, er svært godt

fornøgd med konserten.

- Dette var ein julekonsert utanom det vanlege, og det var veldig moro å oppleve responsen frå ein stappfull konsertsal. Kormedlemmane har stått på og øva med stor entusiasme sidan mai, og det er inspirerende for dei energiske ungdommane når dei får tilbake-meldingar som dette, seier Turid Skjelten og legg til at dei gjerne kunne tenke seg fleire gitar som

vil vere med i koret.

Litt eigenprodusert materiale var der også. "One Night Before Christmas" som er skriven av Turid Skjelten, vart satt saman og framført saman med "Silent Night" (Glade jul)

Løynomsfull

- Det var heilt full sal. Er det håp om ei reprise på forestillinga?

- Nei, det blir det nok ikkje. Her

må publikum kjenne si besøkstid. No skal det heile evaluerast for å sjå kva erfaringar kvar enkelt har fått ut av forestillinga. Det viktigaste er at alle skal ha det moro på scena, og alle saman fekk i løpet av forestillinga minst eit soloinnslag. Det overordna målet er at alle skal vekse som sangarar.

- Er det vidare planar for koret?

- Ja, vi har nye prosjekt og ut-



Alle dei 17 som er med i koret fekk minst eit soloinnslag i løpet av forestillinga.

Eigedomar i Stordal

■ **Gnr 153, bnr 44** er solgt for kr 1.030.000 fra Trine Kristin Klubben Solevåg og Arne Solevåg til Ole Jørn Schinnes Dokken og Marie Myklebust (02.11.2012)

■ **Gnr 149, bnr 2** er overdradd fra Oddmund Trygve Vad til Bjørge Vad (05.11.2012)

■ **Gnr 158, bnr 17** er solgt for kr 590.000 fra Langsætrane Utbyggingsselskap as til Hans Petter Øvrevoll og Ann Kristin Røstad Øvrevoll (12.11.2012)

■ **Gnr 158, bnr 18** er solgt for kr 590.000 fra Langsætrane Utbyggingsselskap as til Svein Age Steffensen og Ingrid Sofie Steffensen (12.11.2012)

■ **Gnr 158, bnr 20** er solgt for kr 620.000 fra Langsætrane Utbyggingsselskap as til Vebjørn Nils Veum Aannø og Solveig Aure Aannø (14.11.2012)

■ **Gnr 158, bnr 23** er solgt for kr 790.000 fra Langsætrane

Utbyggingsselskap as til Birger Øren Holo og Kamilla Mordal Holo (14.11.2012)

■ **Gnr 158, bnr 24** er solgt for kr 790.000 fra Langsætrane Utbyggingsselskap as til Marit Fagerhaug (14.11.2012)

■ **Andel av Gnr 144, bnr 44** er overdradd fra Karl Erik Tørle til Harriet Vinje Tørle (19.11.2012)

■ **Gnr 158, bnr 19** er solgt for kr 620.000 fra Langsætrane Utbyggingsselskap as til Tor Bolsø og Gunn Larsen Bolsø (19.11.2012)

■ **Gnr 127, bnr 318**, seksjon 1 er solgt for kr 330.000 fra Sinvest Eiendomsutvikling as til Bjørge Johanne Dyb (21.11.2012)

■ **Gnr 119, bnr 2** er overdradd fra Margit Torbjørge Kjelsstadli til Roar Morten Kjelsstadli og Gunnar Kjelsstadli (21.11.2012)

■ **Gnr 117, bnr 6** er solgt for kr 900.000 fra Margit Torbjørge Kjelsstadli til Bie Adrianus Teunis De og Ingrid Berendina Lodeweges (22.11.2012)

Kilde: Statens kartverk